

(B)

Kolstad 2/3-21

Søknad om dispensasjon for oppføring av naust på GBNR 58/77 i Alver kommune.

Tiltaket krev dispensasjon frå pbl § 1-8, forbod om tiltak langs sjø, samt gjeldande kommunedelplan der område er avsett til LSF (spreidd fritidsbustad). Tiltaket krev også dispensasjon i høve til omsynssone H570 som gjeld «Den indre farleia.»

Bakgrunnsinformasjon:

Hytta på gbnr 58/77 vart oppført i 1974 av Inger og Bjørn Lygre som er foreldra til tiltakshavar. Hytta på 58/29 vart oppført i 1961 av farmor og farfar, Anne og Alf Lygre, til tiltakshavar og eigar i dag er Trond Lygre, bror til tiltakshavar. Hytta på 58/38 vart oppført i 1963 og eigar er Eirik Lygre som også er bror til tiltakshavar.

Bryggjene har vi ikkje oppføringstidspunkt på.

Det er gjort skriftlig avtale om rett til ferdsel over bnr 29 for å ha tilkomst til kai/ brygge. Det er denne stien som blir brukt i dag.

Tiltakshavar Ynskjer å ha tilkomst til eiendommen uten å gå over naboeiendom og også ha mulighet til ta båt på land.

Forhold tiltakshavar meiner må tilleggjast vekt i vurdering av tiltaket:

Tiltaket er synleg, men ikkje ruvande frå skipsleia.

Tiltaket ligg nært eit hyttefelt på «Buskeneset», eller «Klubbane» og «Stølane». Dette feltet er eksponert langs leia og ligg om lag 3-400 meter søraust for det omsøkte naustet. Sjå vedlagt kartutsnitt.

Tiltaket ligg også nært campingsplass på «Kaldneset» der det er plassert campingvogner og spikertelt. Dette «forureiner» svært mykje meir visuelt enn omsøkt tiltak som vil framstå som ei naturleg del av busetnaden og i «duse jordnære» fargar. Vedlagt illustrasjon.

Omsyn til kommunedelplanens punkt «2.6.3 Omsyn til havnivåstigning og stormflo.» 3. ledd.

Vi søker om eit naust som er i sikkerhetsklasse F1. Dette omfattar byggverk med lite person opphold med risiko for små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvenser.

Naustet vil også definerast som byggverk som i kraft av sin funksjon er plassert i flomutsette områder til liks med kaier, bruver, pumpehus og lignende. Desse vert konstruert og oppført slik at dei er i stand til å tolle belastninger av ein flom/ stormflo. Ifølge Kartverket sine prosjeksjoner for endring i havnivå frå 2015 er framskriving av havnivå til perioden 2081 til 2100 være 50 cm med eit intervall på 20-70 cm for Bergen. Dette etter RCP2.8 som er den strengaste tolkninga. Slik vi ser det vil naustet mest sannsynlig kreve oppgradering og



vedlikehald når vi skriv 2080. Ein vil då ha fasit med omsyn til havnivå og kan då søkje om nødvendig endring/ tilpassing av plassering og høgde.

Slik vi ser det vil tiltaket ikkje være til ulempe for naboar eller omgjevnader / miljø eller redusere den visuelle verdien av «Den indre farleia.».

Ing. Taule AS

Karl Atle Taule

Ing. Taule AS
Radøyvegen 1400
5936 Manger

Mob.tlf. 908 66 010
e-post: atle@ing-taule.no
Org. Nr. 988103381MVA

52 av 2